

From: Kjartan Myklebust <kjartbust@gmail.com>  
Sent: tirsdag 18. februar 2025 18:00  
To: Styreleder Bragdøya <styreleder@bragdoya.no>  
Cc: Frode Granli <frode@bragdoya.no>; Kari Løvland <mummimamma@maritimeskole.no>; kikkan@gmail.no  
Subject: NØKKELSYSTEM BRAGDØYA KYSTKULTURSENTER

Til Styret for Bragdøya kystlag  
Mulig årsmøtesak: NØKKELSYSTEM BRAGDØYA KYSTKULTURSENTER

Eg stilte eit spørsmål til styret i februar i fjor om nøkkelsystemet på Bragdøya. Eg har forstått det vart gjort vedtak om at administrasjonen skulle prøve å rydde opp idet og lage eit system for kven som skal ha nøklar, som så skal leggast fram for styret. Det vart også meldt frå styret, at tilgang for dei som treng det, er eit vesentlig prinsipp. Det nye systemet skal leggast fram for medlemmene når det er klart.

Eg tok opp dette med nøklar med Klaus Olesen i kjølvatnet av Verkstedmaskinkurs den vinteren (23/24). Vi snakka prinsipielt om tilgang til rom, utstyr og verkty. Jens «Kikkan» Karstensen og eg gjennomførte begge (repetisjon for meg) kurset med Klaus. Tilgang til verkstaden er avgjerande for trivsel og glede av medlemsskapet. Eg har hatt systemnøkkel K2 i ca 30 år. Eg signerte i protokoll hos Optikar Bach-Christensen i byen og har hatt stor glede av å kunne røre meg fritt på anlegget utan å måtte springe og leite etter nokon med nøkkel. Eg hadde også gruppeansvar den gongen. I allfall var Klaus og eg samde om - som eg alltid har trudd - at alt handla om at medlemmer skal ha tilgang til å bruke Bragdøya og fasilitetene etter ein flat struktur. Det var også den direkte bakgrunnen for maskinkursa. Har ein interesse og behov, skal ingen bli hindra i å bruke, om det er private formål eller del av dugnadsoppgåver for laget. Anlegget er medlemmene sitt. Slik smidigkeit gjer at ein også blir godt kjend med heile bruket og til større nytte for laget.

Kriteriet for å få nøkkel, bør ikkje vere strengt og alt for regelstyrt. Nye nøklar kostar kanskje kr 500 pr stk. Får ein frigjort nøklar som ingen treng, kan ev. nye kvittere ut nøkkel for depositum på kr 500. Eit teknisk nytt system vil vere svært kostbart. Med det eksisterande systemet er det mange som etter gammalt av sit med nøklar. Om det i seg sjølv har medført misleghald, er ukjent for meg. Å vedlikehalde det vi har, kan ev. vere ei god, smidig og rimeleg løysing. Eg ser nettopp at driftsleiar Frode har gått ut og oppfordra folk som har nøklar dei ikkje treng, om å levere desse tilbake. Bra, men kanskje kan det gjerast systematisk? Sekretariatet har sikkert ein oversyn over laget sine ca 950 medlemmer, med E-POST- eller SMS-adresse.

#### FORSLAG:

Laget treng å reorganisere nøkkelsystemet for Bragdøya kystkultursenter.  
Styret for Bragdøya kystlag blir bedt om å sende skriftleg spørsmål til alle medlemer i laget, både

- A) OM dei har nøkkel, eventuelt om
- B) NØKKELNUMMER med NIVÅ (K 1-2-3) og om dei har
- C) ØNSKJE om el BEHOV for å ha nøkkelen.

- D) VISS IKKJE, be dei levere den tilbake. Og så bør styret (ikkje administrasjonen) avgjere kva som skal vere
- E) KRITERIET for å ha nøkkel.

Etter prinsippet om flat struktur - Bragdøya kystlag = medlemmene! - bør det sitte laust å ha nøkkel på eit lavare nivå, knytt til meir og mindre kontinuerleg frekventering og bruk. Folk som berre er deltakarar på organiserte aktivitetar, treng sjølvsagt ikkje eigen nøkkel. Masternøkkel skal sjølvsagt kven som helst ha.  
Optikar Bach-Christensen har kanskje protokollen endå? Protokoll på utkvitterte nøklar må sjølvsagt førast av administrasjonen.

Primo februar,  
Kjartan Myklebust